

► / NYTT

# Fryktar flaumkraftverk i verna vassdrag

Kjartan Haugsnes (SV) hevda i kommunestyret at det fort kan komma eit nytt kraftverk om planar om å senda flaumvatnet frå Vossavassdraget til Hardanger i staden for Bolstadfjorden, vert realisert.

– Dette har det vore snakk om, og dette er noko eg vil motsetja meg på det aller sterkaste, sa Haugsnes. Temaet stod sentralt då dei folkevalde skulle vedta ein uttale til kommuneplanen for Voss.

## Storflaum

I rådmannen sitt framlegg til uttale vart det gjort merksam på den store flaumfaren som eit overfylt Vossavassdrag representerte for Bolstadfjorden og Stamnes-området, noko ein fekk merka godt under storflaumen for snart fire år sidan.

Det var altså planar om ein flaumtunnel mot Granvin, der Haugsnes frykta at der også kan koma eit nytt kraftverk, som førte til debatt.

## Tilbakeviste

Fungerande ordførar Sigmund Simmenes (Sp) tilbakeviste Haugsnes si frykt.

– Eg oppfattar at det her berre



– **KRAFTUTBYGGINGSPARTIET:** Kjartan Haugsnes skulda Senterpartiet, som Hege Eide Vik representerer i kommunestyret, for å jobba for å byggja ut resten av dei frittfallande vassdraga her til lands. I bakgrunne Boris Groth (Frp)

er snakk om ein avlastingstunnel mot Granvin, som skal brukast når det er flaum, sa Simmenes, utan at Haugsnes slo seg til ro med det.

– Dette stolar eg ikkje på, og eg stolar ikkje på Senterpartiet. Dei er på jakt etter å byggja ut alt vatn som fell fritt her til

lands, hevda Haugsnes.

– Dette blir heilt feil, meinte Simmenes, og minna om at både han og partiet kjempa for vern av det siste vassdraget som har fått slik status i Vaksdal, Hesjedalsvassdraget.

## Framlegg

Haugsnes sette deretter fram dette forslaget til tilleggstekst til høyringsuttalen: Vaksdal kommune meiner at framtidig flaumsikring av Vossavassdraget ikkje skal gjerast gjennom utbygging av kraftverk eller overføringstunnelar i freda

vassdrag eller i vassdrag med anadrom fisk. Forslaget fekk berre fire røyster. Tre frå SV og Miljøpartiet Dei grøne.

► **Magne Solhaug**  
ms@vp.no

## – Personar med demens skal bli høyrde

Vaksdal kommune ønskjer å høyra kva personar med demens meiner må til for å utvikla tenester som kan hjelpa dei på ein betre måte i kampen mot sjukdomen deira.

I samarbeid med forskarar knytt til Senter for alders- og sjukeheimsmedisin, Universitetet i Bergen og Senter for omsorgsforskning Vest, Høgskulen på Vestlandet, starar ein no opp eit nytt prosjekt, som ifølgje Oscar Tranvåg, forskar ved Senter for alders og sjukeheimsmedisin, er unikt – ikkje berre på landsbasis, men også i ein større samanheng.

## Nybrottsarbeid

– Det at me no går ut til dei som lever med demens og deira pårørande og spør konkret, og innbyr til diskusjon om kva dei meiner kan gjerast for at kvardagen deira med ein vond sjukdom kan bli lettare, det har så vidt eg veit aldri vore gjort før i samband med forskning. Dette er eit flott initiativ frå Vaksdal kommune, rett og slett nybrottsarbeid, seier Tranvåg.



**VIL HA FOLK I TALE:** Dei som styrer prosjektet håper å dra med både personar som lever med demens, pårørande og andre med kunnskap og tankar, i første omgang til temamøtet tysdag i neste veke. Frå venstre: Anita Sævil, Vaksdal kommune, Helge Risnes, Vaksdal eldreråd og Oscar Tranvåg, forskar ved Senter for alders- og sjukeheimsmedisin ved Universitetet i Bergen.

Sist veke var han på Dale og presenterte prosjektet saman med Anita Sævil frå helse- og omsorg, som er i prosjektleiinga, Helge Risnes frå eldrerådet og brukarrepresentant ved Helsehuset på Dale, Jan Per Styve.

## Manglar kunnskap

– Dette som Vaksdal no dreg i gang er viktig. Demens er ein sjukdom så råkar stadig fleire,

både eldre og yngre vaksne. I dag har 80.0000 nordmenn diagnosen, om vel 20 år er tallet truleg det doble. Behov for betre tilrettelegging og hjelp vil auka, og det å få høyra dei som står tettast på denne utfordringa i dagen, det er viktig, seier Tranvåg.

– **Ei gruppe som sjeldan ropar** Anita Sævil fortel at det ein

ønsker er å komma i kontakt med flest mogeleg av dei i dag statistisk sett 100 personane i Vaksdal, som lever med demens, og deira pårørande.

– Og gjerne andre også med erfaring på området. Til dømes slike som tidlegare har levd tett på personar med demens. Me vil svært gjerne at desse skal dela sine tankar, ønskje og erfaringar med oss. For å kunna utvikla eit betre tilbod vil me høyra på ei gruppe som sjeldan blir høyrte, og som sjeldan ropar høgt i kor. No håpar me verkeleg dei vil gjera det, seier ei entusiastisk Sævil.

## Temamøte neste veke

Tysdag neste veke innbyr ein alle til ein open temakveld om demens i Turbinen på Dale. Ein håpar mange kjem til eit lokale som har lett tilkomst for alle. Dette vert også eit møte som er starten på dette nye prosjektet. Tranvåg og andre forskarar vil fortelja både om sjukdomen og prosjektet i Vaksdal kommune, saman med folk frå helse- og omsorg i kommunen.

## Pårørande fortel

– Og så vil eg ha med ein pårørande frå Bergen kommune, som fortel om korleis han opp-

lever å leva med eit familiemedlem som har hatt demens i lang tid, seier Tranvåg.

Seinare fram på vårparten håpar ein å få etablert mindre grupper der personar med demens og deira pårørande diskuterer og svarar på spørsmål frå forskarane. Det heile skal så kunna ut i ein rapport som mellom anna vil foreslå konkrete tiltak som skal til for å gje ein best mogeleg kvardag for personar med demens.

– Og då blir det vel spørsmål om pengar, som kommunen ofte ikkje har?

– Det treng det ikkje bli. Her kan det fort i staden bli snakk om å gje eit hjelpetilbod på ein annan måte som kanskje ikkje dyrare, men heller betre enn i dag. Det er her me treng kunnskap. Her har me hol å fylla, og eg håpar me får hjelp frå folk i Vaksdal kommune som er i posisjon til å gje oss denne hjelpa, seier Anita Sævil i helse – og omsorg i Vaksdal, og sentral i det nye prosjektet.

► **Magne Solhaug**  
ms@vp.no